



Klare for kulestøt på Heio tysdag kveld: Bak frå venstre Tordis Myklebust, Kurt Haugland, Vivik Rimestad og Aslaug Lyse. Foran frå venstre Kjersti Rød Bråtun, Åshild Sjøwall og Astrid Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alt i idrettsverda handlar slett ikkje berre om OL i desse dagane. Tysdag ettermiddag møtte sju uskedingar fram på Heio for å klara idrettsmerket



Vivik Rimestad svevar forbi kravet i lengde medan dei seks andre merketakarane følger spente med. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Etterat dei obligatoriske prøvane i spenst, hurtigheit og styrke var unnagjort gjekk dei laus på uthaldenheitsprøva: Dei drog til fjells! Det var dei "faste travarane" som stilte opp denne kvelden. Neste tysdag er det prøver igjen og då kjem det i tillegg til dei som var sakna denne gongen kanskje fleire slik at fjorårsnoteringa på 11 merketakarar blir slått?! Særleg blir fleire unge og fleire menn etterlyst av merkenemda.

Men dei sju hadde det i hvertfall fint saman og det var tydeleg at dei konkurrerte meir med seg sjølve enn med kvarandre.

Aslaug Lyse ropa til dømes hurra for seg sjølv då ho slog det lengste hoppet sitt i fjor med ein centimeter og landa på 1,66. Tordis Myklebust var svært glad då ho strekte seg to centimeter over kravet. Og dette er det fine md idrettsmerketakinga: Klarar du det ikkje i første omgang, kan du berre halda på du gjer det!

Ein må berre ta av seg hatten for veteranane og vi tenkjer då i særleg grad på Åshild Sjøwall (71) og Tordis Myklebust (72). Etter dei nye reglane, som ikkje kven som helst finn ut av, er det i år supereldsjel og nemdleiar Åshild kan få 50-årsmerket. Og fjellgeita Tordis ligg berre eit lite hestehovud etter for ho har klart krava 46 gonger.

- Eigentleg har eg fått alle utmerkingar og prisar eg kan få som merketakar - med unnatak av diplom - og kunne forsåvidt kutta ut. Men eg hadde lyst likevel til å bli med også i år. Eg har vore i lag med denne trivelege gjengen i alle år og vil gjerne halda fram med det, sa Tordis.

Rundt på Heio summa ein annan eldsjel frå idretten, Edvin Kjærland med grasklypparen sin. Han let seg ikkje frista til å prøva seg i lengde, ballkast, 60 meter eller kulestøt. Men han gjorde merksam på at også han har teke idrettsmerket fire gongar, siste gong i 1954!

Av Ola Matti Mathisen